



Landbruk

Sandra Herøy  
Fyrsundvegen 36  
5947 FEDJE

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/6590 - 20/16693

Saksbehandlar:  
Roba Al Serhan  
robaal.serhan@alver.kommune.no

Dato:  
26.03.2020

## Godkjenning fritak gjødselplan Gbnr 172/127 Fedje

Administrativt vedtak. Saknr: 370/20

### VEDTAK:

**Alver kommune gjev med heimel i § 5 i forskrift om gjødselplanlegging dispensasjon frå kravet om gjødselplan i 5 år fram til 01.04.2025 for gnr 172/127, då bruket er ekstentivt drive. Dersom det i løpet av desse 5 åra er endringar i areal, dyretal eller nytta gjødselmengde slik at føresetnadane for dispensasjon vert endra , må det fremjast ny søknad**

### Saksutgreiing:

Foretaket Sandra Herøy har søkt om fritak for gjødselplan på grunn av ekstensiv drift på gbnr172/127. Dagens driftsomfang er 10 vinterfôra sauer, men foretaket har plan om å utvide til 20 vinterfôra sauer. Driftsformen er utgangardrift og foretaket disponerer utmarka på bruka. Søkjer leiger 28,1 daa innmarksbeite, 10,1 daa overflatedyrka og 6,2 daa fulldyrka mark. Foretaket har planar om å bruka økologisk gjødsel.

| Åreleg tilført næringsstoff p.r daa/år på beite |             |             |           | Kg Nitrogen | Kg Fosfor | Kg Kalium |
|---|-------------|-------------|-----------|-------------|-----------|-----------|
| Kg  | Gjødselslag | Total areal | Kg pr.daa |             |           |           |
| 150   | 18-3-15     | 44,4        | 3.4       | 0.6         | 0.102     | 0.51      |

(GDE 1,4)

Normgjødsling i vårt område p.r daa/år er 22 kg nitrogen, 3 kg fosfor og 10 kg kalium .

#### **VURDERING:**

I forskrift om gjødselplanlegging står det i § 5 at kommunen kan etter søknad frå føretaket dispensera frå kravet om gjødselplan for føretak som vert drive svært ekstensivt. Gjødslinga skal vera under 50% av normgjødsling.

Bruket ligg under 50 % av normgjødsling. Bruket er lite, har få gjødseldyreiningar (GDE ) og har stort areal i høve til dyretalet. Kommunen har derfor ingen merknader til at det vert gitt dispensasjon frå krav om gjødselplan i 5 år. Kommunen oppmoder til å ta jordprøve for sjekke næringsinnhald i jorda for betre kontroll og gjødsling.

Føretaket vil gjelda sjølv om dyretalet vert auka til 20 vinterfora sauer.

#### **Regelverk**

Forskrift om gjødselplanlegging

#### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

#### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisas søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: «20/6590»

Med vennleg helsing

Alver kommune

Kjartan Nyhammer  
Avdelingsleiar

Roba Al Serhan

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

#### **Mottakarar:**

Sandra Herøy

Fyrsundvegen 36

5947

FEDJE